



# IFYE-nytt 01-08

I dette nummeret kan du lese om:

- **Årsmøte-innkalling**
- Skalkifest etter konferansen
- Småsaker
- **IFYEprogram 2008**



## Leiar og Baby IFYE!

No er det ei god stund sia konferansen, men eg tek likevel med ein takk til hovudkomiteen, Crew Melsom og alle deltakarane! Det var ei veke med mykje knisling og krumspring – absolutt noko å reise på for dei som ikkje har gjort det enno! Som ein slags 4H-leir for vaksne, med folk frå heile Europa/verda... Eg trengte eit par netter med 12-timars søvn før eg kunne fungere normalt att, og no sit eg att med mange gode minne og nye vener frå mange land. 19.-26. juli neste år er allereie merka av i kalenderen, då er det Sveits som står for tur! ☺

Eg var Baby IFYE, altså fersking på konferanse, og det blir gjort forskjellige tiltak for å integrere oss i den store familien. Til dømes får vi i oppdrag å selja lodd, noko som høyrast kjedeleg ut, men som er ein veldig fin måte å koma i kontakt med folk på! Og lodda gjekk unna, brått var det ikkje att nokon som eg sjølv kunne kjøpe! Elles var det òg eit Baby IFYE Event, store greier for at vi skulle bli betre kjende med kvarandre og ganske ufrivillig underhalde resten av konferansedeltakarane! Men å vera med som arrangør i tillegg til vanleg deltakar er ikkje alltid like lett, så dette var ein av tinga eg rett og slett laut sova over! På ei side har ein mindre overskott til å bli kjend med folk når ein bruker mykje energi på å vera med og arrangere, på ei anna side blir ein mykje meir synleg og kjem lett i kontakt med folk på den måten. Så nye kjende vart det likevel!

Eg har gjort unna godt og vel eit semester med nye studieopplevingar i Trondheim, og trivst godt her! NIFYEA-arbeidet blir klemt innimellom andre aktivitetar, og i januar hadde vi eit konstruktivt og triveleg styremøte i Bergen! Det neste store på tapeten no er årsmøte i Oslo 8. mars (med middag og konferanseskalkifest etterpå!), og det håpar eg så mange som mogleg får med seg! Sjå meir informasjon lenger uti bladet. Elles oppmodar eg alle til å reklamere varmt for IFYE-programmet til alle potensielle søkarar, og gjerne på arenaer der fleire 4H-arar er samla! Om du eller nokon du kjenner tenkjer på å vera vertsfamilie, er det berre å melde seg til næraste 4H-kontor!

Ha ein fin vinter alle saman, ljósare tider nærmar seg!

Ingebjørg





## VELKOMMEN TIL ÅRSMØTE I NIFYEA 2008



Styret i Norske IFYE-Alumner innkaller herved til årsmøte 2008.

**Tid:** Lørdag 8. mars 2008, kl 11.00

**Sted:** Juventekontoret, Torggata 1, Oslo

**Program:**

- kl. 09:30 Styret møtes for å ordne klart til årsmøtet
- kl. 11:00** **Årsmøtet starter**
- kl. 13:00 Lunsj
- kl. 13:30 Årsmøtet fortsetter
- kl. 15.00 Årsmøtet ferdig, avslapping, (cafétur?) og fritid før sosialisering utover kvelden for de som har tid og lyst til det
- kl. 18.00 Middag med påfølgende "skælkfæst" etter konferansen, i den sjarmerende Valdresstua på Sogn Studentby. Åpent for alle med tilknytning til NIFYEA; uansett om du var med på konferansen el. ikke.

**Pris:** Du betaler reisen selv, ellers ingen kostnader. NIFYEA dekker lunsj og middag! ☺

**Ta med:**

- Årsmøtepapirer og meninger om sakene
- Penger til loddsalg under "skælkfæsten", og gjerne en liten premie om du vil
- Bilder og morsomme minner og historier fra konferanser til skælkfesten

**Påmelding:**

- Til årsmøtedeltakelse (dersom du skal ha lunsj)
- Til middag og "skælkfæst"

Si i fra om du skal være med innen *mandag 25.februar 2008*, til Eirin Kristiansen  
tlf.nr.: 913 64 115 e-post. eirin\_smiley@hotmail.com

Vi minner om at du må ha betalt medlemskap i NIFYEA for 2008 før årsmøtet for å kunne benytte **stemmeretten**. Kontingent kr **kr. 210** betales til kontonummer 5081.07.51255.

**Vedlagt** finner du saksliste. NIFYEAs årbok for 2007 som inkluderer årsmelding, forslag til årsplan 2008, samt innstilling fra valgkomiteen er tilgjengelig på [www.ifye.no](http://www.ifye.no) fra lørdag 9.februar 2008. Regnskap for 2007 og forslag til budsjett 2008 deles ut på årsmøtet.

**Innkvartering i Oslo?** Dersom du kommer langveisfra og trenger en plass å overnatte i Oslo, er vi behjelpelige med det. Gi beskjed ved påmelding!

**Velkommen til årsmøte!**

Styret i NIFYEA

## Sakliste

Åpning av møtet ved leder

- Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2: Konstituering
  - 2.1. Godkjenning av fremmøtte deltakere
  - 2.2. Valg av møteleder
  - 2.3. Valg av referent
  - 2.4. Valg av to stemmeberettigede møtedeltakere til å skrive under protokollen
  - 2.5. Valg av tellekorps
- Sak 3: Gjennomgang og godkjenning av årsmelding
- Sak 4: Gjennomgang og godkjenning av årsregnskap og revisjonsrapport  
NIFYEA drift og Konferansefondet
- Sak 5: Informasjonssak: Statusnotat fra hovedkomiteen for IFYE-konferansen på Melsom 2007
- Sak 6: Gjennomgang og godkjenning av årsplan 2008
- Sak 7: Gjennomgang og godkjenning av budsjett 2008 med fastsetting av kontingent for 2009
- Sak 8: Valg

## Sakspapirer:

- Sak 3: Gjennomgang og godkjenning av årsmelding (ved leder)**  
Årsmelding for 2006 står i årboka.
- Sak 4: Gjennomgang og godkjenning av regnskap (ved kasserer)**  
Se eget vedlegg i Excel.
- Sak 5: Informasjonssak: Statusnotat fra hovedkomiteen for IFYE-konferansen på Melsom 2007**
- Sak 6: Gjennomgang og godkjenning av årsplan 2008/9 (ved leder)**

# ÅRSPLAN NIFYEA 2008/2009

## April

---

4. - 6. Styremøte

## Mai

---

02. Manusfrist til Aktivitet nr. 3/08 og Alumnytt 1/08  
10. Deadline IFYE-nytt

## Juni

---

IFYE - mottak

## Juli

---

19. - 28. Europeisk IFYE konferanse, Strickhof, Lindau/ ZH, Sveits  
26.juli – 2. aug Landsleir, Åstrått

## August

---

8. Manusfrist til Aktivitet nr. 4/08 som kommer ut i september  
10. Deadline IFYE-nytt

## September

---

1.. Dealdline EIFYEAs Newsletter  
12. - 14. Høsttreff og styremøte

## Oktober

---

31. Manusfrist til Aktivitet nr.5/08 som kommer ut i desember

## November

---

? Manusfrist til Alumnytt 2/08, vinterutgaven før jul  
15. Søknadsfrist IFYE-programmet 2008  
22. Juletreff

## Desember

---

31. Frist for å sende årsmøtesaker til styret

## Januar

---

10. Deadline IFYE nytt og årbok  
09.-11. Styremøte

## Februar

---

1. Dealdline EIFYEAs Newsletter  
15. Innbetalingsfrist medlemskontingent 2009  
13.-15. Utreisekurs

## Mars

---

8. Årsmøte  
9. Møte med nytt og gammelt styre

**Sak 7: Gjennomgang og godkjenning av budsjett (ved kasserer)**

Se eget vedlegg i Excel.

**Sak 8: Valg****Innstilling fra valgkomiteen i NIFYEA for årsmøtet i 2007:**

10.1. Leder:		1 år	(på valg)
10.2. Nestleder:	Otto Andreas Brustad	2 år	(på valg)
10.3. Kasserer:	Bodil Pedersen	2 år	(på valg)
10.4. Sekretær:	Mathilde Solli Eide	1 år	(ikke på valg)
10.5. Styremedlem:	Maren Nesja	1 år	(ikke på valg)
10.6. Varamedlem:		1 år	(på valg)
10.7. Revisor:	Kari Bjørke	1 år	(ikke på valg)

**Styrets innstilling til valgkomite:**

10.8. Marianne Hjerpset	1 år (ikke på valg)
Jon-Kåre Solås	1 år (ikke på valg)
Hallvard Hatlestad	2 år (på valg)

## Skalkefest etter konferansen

Den europeiske IFYE konferansen 2007 var ein stor suksess. Tradisjon tru så må vi jo då ha oss ein skalkefest. No er det jo kanskje litt bekymringsfullt å skulle feste på restar ¾ år etter konferansen. Til dei som er bekymra så kan vi opplyse om at vi nok ikkje skal servere restar som ikkje står seg særdeles godt. Festen skal være i Valdresstova på Sogn Studentby 8. mars kl 19. Der vil vi gjerne få invitere hovudkomiteen for konferansen, alle som var med og hjelpte til på konferansen, alle som var med på konferansen og alle som angrar på at dei ikkje fekk med seg den store hendinga.

Målet er å feire vel utført arbeid og å gjere litt stas på alle gode IFYEAR som gjer slike tilskipingar mogeleg. Meld gjerne frå til styret om deltaking slik at vi kan berekne mat og plass til alle som vil komme.



- Tid:** 8. Mars kl 19:00  
**Stad:** Valdresstova, Sogn studentby  
**Pris:** Aldeles gratis  
**Dresskode:** Oppstasa  
**Ta med:** Bilete frå konferansen eller andre konferansar

## IFYE-mottak i Oslo 20.-22. juni 2007

Det var 7 IFYE-ar med på mottaket (Johannes frå Tyskland, James frå Nord-Irland, Erika og Edith frå Sveits, Karolina frå Costa Rica, og Zoe og Joyce frå Taiwan), og Maren Nesja og Ingebjørg Øveraasen som ansvarlege.

IFYE-ane vart teke i mot i tur og orden ettersom dei kom med flybuss, og etter til dels tung kofferttrilling og litt fotografering, var alle geleida til hotellet der dei skulle bu.

Vi hadde orientering om IFYE-programmet og 4H (med besøk av Astrid Solberg frå 4HN), rundtur i Oslo med besøk på Sjøfartsmuseet og Vikingskipshuset, og rekemiddag hjå Elin og Hallvard. Ein skal ikkje sjå bort ifrå at nokon sovna til bølgeskvulp under filmen på Sjøfartsmuseet, det var mykje som skjedde den andre dagen IFYE-ane var i landet. Det var likevel ikkje noko å seia på innsatsen med rekepilling på kvelden!

Været var strålande, alle IFYE-ane virka veldig bile og godt nøgde med dagane i Oslo, og det var vi som var ansvarlege òg (rett nok i komasøvn døgnet etterpå..)! Det var verkeleg koseleg og artig å ønskje IFYE-ar velkomne til Norge og gi dei ein så god start som mogleg på opphaldet sitt!



## NIFYEA-STYRET 2007

[styret@ifye.no](mailto:styret@ifye.no)

Leder:

Ingebjørg Øveraasen

Tidemannsgate 18

7030 Trondheim

980 32 174

[ingebjorg.overaasen@online.no](mailto:ingebjorg.overaasen@online.no)

Nestleder:

Eirin Kristiansen

Østre Stiabergget 47 B

5179 Godvik

913 64 115

[eirin\\_smiley@hotmail.com](mailto:eirin_smiley@hotmail.com)

Kasserer:

Bodil Pedersen

Kirkegata 167,

5525 Haugesund

404 51 972

Sekretær:

Mathilde Solli Eide

Lersolveien 12

0876 Oslo

481 20 936

[meide@hotmail.com](mailto:meide@hotmail.com)

Styremedlem:

Maren Ingebjørg Nesja

2966 Slidre

901 82 480

[maren.nesja@gmail.com](mailto:maren.nesja@gmail.com)

Vara:

Hallvard Hatlestad

Hekkveien 7

0571 Oslo

901 18 270

[hallvard@hatlestad.no](mailto:hallvard@hatlestad.no)

## Kontingent

4H Norge har starta med nytt system for kontingent. Dette fører til at det blir sentral inkrevjing av kontingent for NIFYEA. Denne vil bli sendt ut i løpet av februar/mars.

Dersom du ikkje har fått tilsendt giro kan du betale kontingenten direkte til NIFYEA eller melde frå til 4H i Norge om at du ynskjer å være medlem.

210 kr for årsmedlemskap i NIFYEA

110 kr for årsmedlemskap i EIFYEA

1300 kr for livstidsmedlemskap i EIFYEA

Pengene kan settes inn på NIFYEAs konto.

NB! NIFYEA har fått nytt kontonummer. Det er 5081.07.51255



## Høsttreff på Storstilen



7-9. september var det igjen duket for høsttreff på Storstilen i hytta til Hjelt. Alt i alt var det ca 15 påmeldte til helga, derav 5 innreisende IFYE-er. Utover fredagen dukket folka opp, noen litt senere enn andre da Mathilde og Martha (IFYE USA) rakk både å komme akkurat for sent til et tog, nå et som ble kansellert, og da de endelig kom seg av gårde ble de like godt med til Lillehammer isteden for å hoppe av på Moelv. Det skal vel også sies at stoppen på Moelv ble litt for kort til å rekke å få med all bagasjen og komme seg av. For de som kom seg til Storstilen i passelig tid ble det god mat og sosialisering utover kvelden. Noen av de tøffeste tilbrakte natten under åpen himmel og fikk se en fantastisk dobbel regnbue da de våknet.

Lørdag var det frokost og ut på en liten tur for de som ville. Blåbær var det lite å se av, så den planlagte blåbærturen ble dessverre avlyst. Styret hadde møte utover dagen, mens de andre

deltakerne fikk rusle en tur, kaste litt hestesko, strikke og ta livet med ro. På ettermiddagen var det middagsdugnad, med en god stroganoffgryte som resultat. Så var det duket for Blå Kveld, der deltakerne hadde fått beskjed på forhånd om å ta med seg noe blått. Det ble loddsalg med blåe premier og deretter quiz. Seierherrene/frøkne fikk massasje i premie, mens de som vant bunnplasseringen fikk oppvasken. Også denne natten var det noen hardhauser som sov under åpen himmel og tusenvis av stjerner.

Søndagen startet med solskinn og frokost, deretter ble det opprydding, vasking og reise hjem. Tusen takk til Ingeborg og Hilde Hjelt for lån av hytta, god mat og ei trivelig helg!



**4H NORGE**  
**IFYE-PROGRAM 2008**  
**International 4H Youth Exchange**

<b>Arrival date:</b>	<b>24. June 2008</b>
<b>Orientation in Oslo:</b>	<b>24.-26. June</b>
<b>Departure to first host family</b>	<b>26. June</b>

Costa Rica:	2	6 months
Taiwan	2	12 weeks
Switzerland:	2	12 weeks
Germany	1	12 weeks
Scotland/England:	1 from Norway	6 weeks in each country
	1 from Scotland	6 weeks
	1 from England	6 weeks
Northern Ireland:	1	12 weeks
Australia:	1	12 weeks
USA (One state)	1	12 weeks

<b>Arrival at:</b>	<b>Oslo airport, Gardermoen</b>
<b>Meeting point:</b>	<b>Oslo Bussterminalen (Oslo bus terminal)</b>

National 4H-camp	26. July – 2. August
IFYE-weekend:	12. - 14. September (tentative)
Freetime for Costa Rica IFYEs:	14. - 29. September (tentative)

4H Norge  
 Postboks 113  
 2026 Skjetten  
 Tel: +47 64 83 21 00  
 Fax: 64 83 21 19  
 e-mail: [4hnorge@4h.no](mailto:4hnorge@4h.no)  
[www.4h.no](http://www.4h.no)

Direct telephone Kathleen: +47 64 83 21 05  
 e-mail: [kathleen.thoresen@4h.no](mailto:kathleen.thoresen@4h.no)



Til:

Ingebjørg Øveraasen  
Tidemannsgate 18  
7030 Trondheim

Retur:

Hallvard Hatlestad  
Hekkeveien 7  
0571 Oslo